



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
77/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	25.11.2019
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FA-M70	17/548

OVERFØRING AV DELTAKARFORHOLD I VEST BRANN- OG REDNINGSREGION VED KOMMUNESAMANSLÅINGAR

Vedlegg:

Vest brann- og redningsregion - Protokoll fra styremøte 8. oktober 2019
Vedtekter for Vest brann- og redningsregion.PDF

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune gir sin tilslutning til at kommunane Fjell, Sund, Øygarden, Fusa, Os, Odda, Ullensvang og Jondal trer ut av Vest brann – og redningsregion pr. 31.desember 2019 med grunngeving i kommunesamanslåing. Samtidig gir Vaksdal kommune sin tilslutning til at dei nye kommunane Øygarden, Bjørnafjorden og Ullensvang blir deltakarkommunar i Vest brann- og redningsregion frå 1.januar 2020 og at desse kommunane overtar rettigheter og pliktar frå sine respektive samanslåtte kommunar.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 77/2019

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedteke

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Vaksdal kommune gir sin tilslutning til at kommunane Fjell, Sund, Øygarden, Fusa, Os, Odda, Ullensvang og Jondal trer ut av Vest brann – og redningsregion pr. 31.desember 2019 med grunngeving i kommunesamanslåing. Samtidig gir Vaksdal kommune sin tilslutning til at dei nye kommunane Øygarden, Bjørnafjorden og Ullensvang blir deltakarkommunar i Vest brann- og redningsregion frå 1.januar 2020 og at desse kommunane overtar rettigheter og pliktar frå sine respektive samanslåtte kommunar.

Saksopplysningar:

Vaksdal kommune er deltakar i Vest brann og redningsregion (VBR).

Kommunesammenslåing utløyer behov for endring av Vest brann- og redningsregion sine vedtekter. Forslag til vedtektsendringer vil bli lagt fram for årsmøtet i april 2020.

Ettersom kommunesamanslåinga trer i kraft allereie 1. januar 2020, ber Vest brann- og redningsregion om at alle deltakarkommunar fatter vedtak om å godkjenne endringene i deltakerkommuner innan 31.12.2019. Det er lagt fram likelydande framlegg til vedtak i kommunane.